



DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

Møteprotokoll

Møte i Ål kyrkjelege fellesråd

Stad: Kyrkjestugu

Dato: 26.01.2023

Tidspunkt: 19.30 – 21.00

Til stades:

Torfinn Slåtto

Arild Øystese Hansen

Einar Brattegard

Solveig Vestenfor

Sveinung Hansen

Liv Solberg

Birger Bolstad

Vigdis Vårvik Gåsterud

Varamedlem for:

Else Karin Veslegard

Wenche Smestad

Frå administrasjonen møtte:

Kyrkjeverje Trond B. Augunset

Torfinn Slåtto

Leiar

Godkjenning av møteinnkalling og sakslista:

Møteinnkalling og sakslista vart godkjent utan merknader.

Godkjenning av protokoll frå møte 23.11.22

Protokollen vart godkjent utan merknader.

3/23 Driftsbudsjett 2023

Saksopplysningar:

Fellesrådet har handsama driftsbudsjettet i møte i august og oktober. Fellesrådet har fått dei rammeoverføringane frå Ål kommune som er bedt om.

Lønn:

Det er lagt opp til ei lønsauke i 2023 på 4%. Lønsauka er lagt inn med verknad for heile 2023, sjølv om evt. lønnsjusteringar skjer frå 1. mai. Dette gir eit litt større handlingsrom for lønsjusteringar utover det som skjer i rammene for lokale forhandlingar.

Det er lagt inn 18% avsetning til pensjonsforpliktelsar. Dette etter anbefaling frå KLP. Her har det tidlegare vore satt av 14%.

Folkemusikk:

Det er lagt inn kr. 170 000 i tilskott frå Kulturrådet til prosjekt «Folkemusikk-gudsteneste, Av kjelder klåre». Det er lagt inn det same beløpet i kjøp av andre tenester (12700).

Vurdering:

Driftsbudsjettet er lagt opp i tråd med dei føringane som fellesrådet tidlegare har gitt og kyrkjevevja rår til at driftsbudsjettet vert vedtatt slik det er lagt fram.

Framlegg til vedtak:

Driftsbudsjettet for 2023 for Ål kyrkjelege fellesråd vert vedtatt

Handsaming i fellesrådet:

Innstillinga vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Driftsbudsjettet for 2023 for Ål kyrkjelege fellesråd vert vedtatt

SAK 4/23 Lokal lønspolitikk

Saka vert avgjort av:

Partsamansatt utval innstiller
Fellesrådet fattar endeleg vedtak.

Saksopplysningar:

Ål kyrkjelege fellesråd er tilsluttet KA – Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige verksemder. Som en del av dette er Ål kyrkjelege fellesråd omfatta av avtaleverket som KA inngår med arbeidstakerorganisasjonane. Sentrale avtaledokumenter er Hovedavtala (HA), Hovedtariffavtala (HTA) og sentrale særavtaler (SA). Gjeldande HTA regulerer lønn og andre vilkår for tilsette. Der er og eit avsnitt om utarbeiding av lønnspolitikk i kapittel 3, pkt. 3.2. Her vert det i innleiinga sagt:

Lønssystemet forutsetter en lokal lønnspolitikk som må gjøres kjent for alle ansatte, slik at det skapes forutsigbarhet og mulighet for den ansatte til å innrette seg i henhold til lønnspolitikken. Arbeidsgiver tar initiativ til regelmessig revidering av lokal lønnspolitikk, for å sikre seg at det er sammenheng med virksomhetens mål. Den lokale lønnspolitikken og kriterier for lokale lønnstillegg utformes etter drøftinger med de ansattes organisasjoner

Saka er drøfta med dei tilsette i stabsmøte.

Vedlegg:

Forslag til lokale lønspolitikk

Vurdering:

Kyrkjeverja meiner det er naudsynt å ha ein lokal lønspolitikk for å gi ei rettferdig og god lønsutvikling. Den lokale lønspolitikken vil være lønsutvalet sitt viktigaste reiskap for å gjere prioriteringar.

Framlegg til vedtak:

Partsamansatt utval si innstilling til fellesrådet:
Lokal lønnspolitikk for Ål kyrkjelege fellesråd vert vedtatt.

Handsaming i møte:

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fellesrådet

Lokal lønnspolitikk for Ål kyrkjelege fellesråd vert vedtatt.

Handsaming i fellesrådet

Samrøystes vedtatt, med språkleg endringar som vart innarbeid i møte.

Vedtak:

Lokal lønnspolitikk for Ål kyrkjelege fellesråd vert vedtatt.

5/23 Ledig stilling som reinhaldar, omdisponering av lønsmidlar

Saka vert avgjort av:

Partsamansatt utval innstiller

Fellesrådet vedtar

Saksopplysningar:

Kyrkjerverja har mottatt oppseiing frå Rezene Habton. Han har 60% stilling som reinhaldar/kyrkjetenar. Me har samstundes ledig stilling som kyrkjelydspedagog med inntil 100% stilling. Stillinga som kyrkjelydspedagog har tidlegare vore ei 80% stilling.

I tilsettingsreglementet pkt. 2 andre avsnitt heiter det:

Når ei stilling vert ledig kan det vurderast om stillinga skal omorganisert eller omgjert. Så lenge lov eller avtale ikkje er til hinder for det, kan også inndraging av stillinga vurderast. Før det vert fatta vedtak, skal administrasjonsutvalet uttale seg. (Jf HA § 10-1 b)

Vurdering:

Kyrkjerverja meiner det vil være vanskeleg å rekruttere til ei stilling som kombinerer reinhaldar og kyrkjetenar. Det er samstundes større behov for å auke stillinga som kyrkjelydspedagog til 100%, dette både for at det er lettare å rekruttere i ei 100% stilling og at dette vil kunne avlaste soknepresten i trusopplæringsarbeidet. Arbeidet som reinhaldar omfattar reinhald i Ål kyrkje, kyrkjestugu og kyrkjekontora. Kyrkjeverja meiner at arbeidet med reinhald her utgjer om lag ei 40% stilling.

Kyrkjerverja meiner ein no bør gjere stillinga som reinhaldar til ein 40% stilling og overføre 20% av desse lønsmidlane til stillinga som kyrkjelydspedagog, slik at denne stillinga vert ei 100% stilling.

Framlegg til vedtak:

Det vert lyst ut ei stilling som reinhaldar i 40% stilling. 20% av lønsmidlane vert overført til stillinga som trusopplærar, slik at denne stillinga vert ei 100% stilling.

Handsaming i utvalet:

Framlegget var samrøystes vedtatt.

Innstilling til fellesrådet:

Det vert lyst ut ei stilling som reinhaldar i 40% stilling. 20% av lønsmidlane vert overført til stillinga som trusopplærar, slik at denne stillinga vert ei 100% stilling.

Handsaming i fellesrådet:

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert lyst ut ei stilling som reinhaldar i 40% stilling. 20% av lønsmidlane vert overført til stillinga som trusopplærar, slik at denne stillinga vert ei 100% stilling.

SAK 6/23 Tilsetting av kyrkjelydspedagog

Saka vert avgjort av:

Partsamansatt utval innstiller
Fellesrådet tilsett

Vedlegg:

Søknad og CV

Saksopplysningar:

Ål kyrkjelege fellesråd har sidan september vore utan trusopplærar. Stillinga vart lyst ut før sommaren 2022 og ei gong etter sommaren, utan at det kom søkarar på stillinga. Annonse for stillinga har ligge ute på heimesida til kyrkja i Ål sidan i september.

21. desember mottok kyrkjeverja søknad på stillinga som kyrkjelydspedagog får Elisabeth Husøy. Det var gjennomført intervju 2. januar.

Kyrkjerverja har innhenta referansar.

Vurdering:

Kyrkjeverja tilrår at fellesrådet tilsett Elisabeth Husøy i 100% stilling som trusopplærar.

Framlegg til vedtak:

Partsamansatt utval sin innstilling til fellesrådet:

Ål kyrkjelege fellesråd tilsett Elisabeth Husøy i 100% stilling som kyrkjelydspedagog.

Kyrkjerverja får fullmakt til å lage arbeidsavtale og signere på denne.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fellesrådet:

Ål kyrkjelege fellesråd tilsett Elisabeth Husøy i 100% stilling som kyrkjelydspedagog.

Kyrkjerverja får fullmakt til å lage arbeidsavtale og signere på denne.

Handsaming i fellesrådet:

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ål kyrkjelege fellesråd tilsett Elisabeth Husøy i 100% stilling som kyrkjelydspedagog.

Kyrkjerverja får fullmakt til å lage arbeidsavtale og signere på denne.

SAK 7/23 Namna minnelund og fleirkulturelt gravfelt – tilbod/val av entreprenør

Saka vert avgjort av:

Fellesrådet

Saksopplysningar:

Arbeidet med etablering av namna minnelund og fleirkulturell gravplass vart sendt ut på tilbod 7. desember. Fristen for å komme med tilbod var 18. januar 2023. det er bedt om tilbod frå 5 entreprenørar.

Det er i samråd med prosjekterande berre lagt vekt på pris.

Fellesrådet har fått ei tildeling på kr. 1 000 000,- frå Ål kommune til å etablere namna minnelund og fleirkulturell gravplass

Det er viktig å merke seg at fellesrådet allereie har brukt ca. 90000 til prosjektering og at arbeidet med minneportalen er stipulert til kr. 300 000. Totalt disponibelt er med andre ord kr. 600 000,-.

Vurdering:

På grunn av kort tid frå tilbodsfristen og til møte i fellesrådet vil kyrkjeverja komme med ei nærare vurdering før møte.

Framlegg til vedtak:

Vert lagt fram utan forslag til vedtak

Handsaming i fellesrådet:

Vedtak:

Fellesrådet vedtek å ta alternativt gravfelt ut av prosjektet.

Det vert satt ned ei prosjektgruppe for å arbeide vidare med prosjektet.

Gruppa er satt saman av:

Arild Øystese Hansen

Torfinn Slåtto

Trond B. Auugunset